

Sjekkliste for berekraftig massehandtering

Denne sjekklista er prosessorientert innan tema for masseforvaltning. Du finn tilnærming til korleis vi handterer temaet knytt til aktuell plantype, plannivå og sak under dei ulike kapitla.

Innleiingsvis finn du ei generell oversikt over relevante føringar, lovverk og rettleiingsdokument. Under kvart kapittel finn du konkrete utsjekkingspunkt og kva vi kan formidle til kommunane i ulike saker for å sikre berekraftig massehandtering.

Sjekklista følgjer opp mål og tiltak i strategi for berekraftig massehandtering (2023) (lenke kjem)

Innhald :

Generelt om massehandtering (føringar, mål og lovverk)	2
1. Kommunal planstrategi	8
2. Samfunnsdelen av kommuneplanen (KPS).....	9
3. Arealdelen av kommuneplanen (KPA) / kommunedelplan (KDP)	10
4. Reguleringsplan (detaljregulering / områderegulering).....	13
5. Endring av reguleringsplan etter «forenkla prosess».....	16
6. Dispensasjonar frå arealdelen/reguleringsplan	17
7. Statleg arealplan.....	18
8. Innhald i massehandteringsplan	20

Generelt om massehandtering (føringar, mål og lovverk)

Internasjonale føringar - [FNs berekraftsmål](#)



→ Ansvarleg forbruk og produksjon: **Delmål 12.2) Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar. Delmål 12.5) Innan 2030 redusere avfallsmengda vesentleg gjennom førebygging, reduksjon, attvinning og ombruk.** Kva skjer i Norge? Ambisjonen til regjeringa er å gjere økonomien meir fornybar, sirkulær og berekraftig.



→ Stoppe klimaendringane: **Delmål 13.3) Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå.** Kva skjer i Norge? Norge har forplikta seg til å samarbeide med EU om å redusere utslepp med minst 40% innan 2030. Lovfesta mål om å bli eit lågutsleppsamfunn innan 2050.



→ Livet i havet: **Delmål 14.1) Innan 2025 forhindre og i vesentleg grad redusere alle former for havforureining, særleg frå landbasert verksemd, inkludert marin forsøpling og utslepp av nærings salt. Delmål 14.2) innan 2020 forvalte og beskytte økosystema i havet og langs kysten på ein berekraftig måte for å unngå skadeverknadar.**



→ Livet på land: **Delmål 15.9) Integrere verdien av økosystem og biologisk mangfald i nasjonale og lokale planleggingsprosessar, i strategiar for arbeid mot fattigdom og i rekneskapar.** (Sjå òg andre delmål – overlapp naturmangfald, landbruk m.m.). Kva skjer i Norge? For å nå mål 15 er det naudsynt med god og heilskapleg politikk for naturmangfald, landbruk, vassforvaltning og planlegging og styring av arealbruken. Nedbygging, oppstyking og endra bruk av areal er blant dei viktigaste grunnane til at mange naturtypar står i fare for å bli borte i Norge. Regjeringa arbeider med å utvikle betre metodar for verdsetjing av natur, slik at verdien av økosystemtenester kan bli betre integrert i plan- og vedtaksprosessar. Regjeringa legg vekt på å unngå skade på natur framfor å reparere.



Samarbeid for å nå måla. **Delmål 17.7. Systemiske spørsmål - partnerskap mellom fleire interessentar. Stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunn som bygger på partnerskapanes erfaringar og ressursstrategiar.** Kva skjer i Norge? Oppnådd høg grad av tillit, mellom innbyggjarar, organisasjonar og myndigheiter. Sterk frivilligsektor. Vedteke nasjonal handlingsplan for å nå FN's berekraftsmål.

Norges klima- og miljømål

([lenke til status for alle 24 miljømål: miljøstatus/miljødirektoratet](#))

Bygge- og anleggsverksemd er den største enkeltkjelda til avfall i Norge. Både EU og Norge arbeider med å omstille seg til ein sirkulær økonomi, og EU har vedteke ambisiøse mål for materialgjenvinning av ulike avfallstyper. Desse måla gjeld for Norge gjennom EØS-avtalen.

Naturressursane i verda er under auka press. Det er difor avgjerande for klima, naturen og miljøet at ressursane vert nytta langt meir effektivt, slik at vi reduserer behovet for å ta ut nye ressursar. Norge fekk ein [nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi i 2021](#) (T-1573 N). Den skal støtte opp om omstillinga til ein sirkulær økonomi, herunder økt materialgjenvinning. Regjeringa har varsla at strategien vil følgjast av en handlingsplan for sirkulær økonomi i 2023. Det pågår

omfattande utvikling av EUs regelverk for å sikre omstilling til en sirkulær økonomi, som vil gjelde Norge gjennom EØS-avtalen.

Miljømål: **4.1. Forureining skal ikke skade helse og miljø** (status januar 2023: positiv utvikling, men mykje står att)

Miljømål: **4.4. Attvinning av material skal auka** (status januar 2023: EUs mål om 70% frå 2020 er ikkje nådd men positiv utvikling)

Nasjonale forventningar

→ [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 - 27](#), sjå regjeringa sine forventningar (særskilt punkt 42, 43 og 44, på side 23):

42. Fylkeskommunane og kommunane legg gjennom areal- og samfunnsutviklinga og verksemdsutøvinga si til rette for omlegging til ein meir sirkulær økonomi, der ressursar og eksisterande bygningar og anlegg blir brukte lengst mogleg og i større grad brukte om att og oppgraderte.

43. Viktige mineralførekomstar blir sikra i regionale og kommunale planar, og utvinning blir vege mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.


44. Heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større byggje- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse.

Sjå òg kap. 4.5. verdiskaping i ein sirkulær økonomi → sirkularitet, gjenbruk, reduksjon av overskotsmassar i planar.

→ Norges mineralstrategi ([Norges mineralstrategi - regjeringen.no](#)), 21.06.2023, har som hovudmål å styrke berekrafta i mineralnæringa i tråd med FN's berekraftsmål. Nokre hovudpunkt i samband med regjeringa sine målsetjingar for masseforvaltning og mineralske ressursar:

- «Stille krav om at andelen overskuddsmasser minimeres i alle prosesser der det er gjennomførbart, basert på beste tilgjengelige teknologi og beste tilgjengelige forretningsmodeller og drifts- og deponeringsmetoder».
- «Stille krav om at tiltakshaver skal utarbeide planer for årlig reduksjon av overskuddsmasser, kjemikaliebruk og annen miljøpåvirkning».
- «At avgangsmasser ikke skal deponeres dersom det er teknisk og økonomisk mulig å bruke dem som sidestrømmer i egen eller annen brukers næring. Om man mener at det ikke finnes slik alternativ bruk av avgangsmasser, må man rapportere hvorfor, og hva man har foretatt seg for å undersøke potensialet, før det kan gis tillatelse til deponering».
- «At før nye prosjekter godkjennes skal tiltakshaver dokumentere behovet for å ta ut jomfruelige ressurser fremfor gjenbruk av tidligere uttatte ressurser og hvordan ressurser som tas ut vil kunne inngå i sirkulære verdikjeder og forretningsmodeller».
- «Legge til rette for utviklingen av markedsplasser for byggeråstoff basert på overskuddsmasser fra mineralutvinning, samferdselsprosjekter og byggeprosjekter med mål om etableringen av et nasjonalt marked».

Lov og forskrift	
Samordning av plan- og bygningslova, naturmangfaldlova, forureiningslova, minerallova og jordlova er særskilt viktig ved saker som gjeld massehandtering.	
Plan og bygningslova	<p>§ 1–1 føremål: berekraftig utvikling, samordning og bruk av ressursar.</p> <p>§ 3-1 a) sette mål for utvikling, avklare behov og foreslå løysing.</p> <p>§ 3-1 g) planar skal ta klimaomsyn – uttak av myr og massehandtering.</p> <p>§ 4- 2 planbeskrivelse skal omtale føremål og verknad, og forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området – t.d. for massehandtering.</p> <p>§ 12-9 planprogram for planar med vesentlege verknadar.</p> <p>§ 12-12 vedtak av reguleringsplan - konsekvensane av planen.</p> <p>→ Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing – uttak av myr, planlegging/klima</p> <p>→ Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona (2021) – terrenginngrep m.m.</p> <p>→ Forskrift om konsekvensutgreiingar – ved masseoverskot, massedeponi mv. (alltid KU dersom vesentlege verknadar for miljø og samfunn.)</p> <p>→ Rettleiar om planlegging av fritidsbustader - regjeringen.no Sjå punkt 11.11.6 Masseforvaltning (utdrag:) I område der det blir planlagt omfattande utbygging av fritidsbustader kan det vere behov for område for mellombelse eller permanente massedeponi. Nokre stader vil det også vere behov for uttak av massar for etablering av vegar og annan infrastruktur. <u>Behovet for areal til uttak, mellomlagring og deponering av massar bør vurderast i kommuneplanen, slik at eigna areal kan sikrast som område for råstoffutvinning etter pbl. § 11-7 nr. 1. Det bør gjevast føresegner i kommuneplanen om at reguleringsplanar for nye byggeområde skal giere greie for massehandtering.</u></p>
Forureiningslova	<p>§ 2 retningslinjer for gjennomføring av lova:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samordne med planlovgevinga for å redusere forureining og avfallsproblem. • Avfall skal føre til minst mogleg skade og ulempe. Det skal om mogleg gjenvinnast, helst ved ombruk eller materialgjenvinning. Vart endra i 2016 for å vere i tråd med EU sitt avfallsdirektiv. Sjå illustrasjon på side 9 i massehandteringsplan for Jæren.. Sjå òg kap. 5.9 i Viken Fylkeskommune sin rettleiar om ulike løp og saksgang for disponering av ulike typar av overskotsmassar. <p>«Ressurspyramide for overskotsmassar av jord og stein som ikkje er forureina» er utarbeida som del av arbeidet med strategi for massehandtering og denne sjekklista i samarbeid mellom landbruk, miljø og plan</p>



Figurtekst – Ressurspyramide for handtering av overskotsmasse av jord og stein som ikkje er forureina. Piler frå figuren viser til forklaring av dei ulike prioriteringane i pyramiden. Sjå innleiing for nærare beskriving. Figur: Statsforvaltaren i Vestland 2023.

	<p>→ <u>Særskilde løyve/krav til massehandtering etter forureiningslova med forskrifter:</u></p> <p>§ 11: større anleggsverksemd og utfylling i sjø må ha løyve, gjeld m.a. tunellar, store vegprosjekt</p> <p>§ 29: avfallsanlegg som fører til forureining må ha løyve, gjeld m.a. sorteringsanlegg, komposteringsanlegg, ein del massemottak/massetippar</p> <p>§ 32: Overskotsmassar skal gå til lovleg anlegg eller gjennomgå gjenvinning. Anna disponering frå enkeltprosjekt i sjø må ha unntak. Gjeld også annan disponering på land som ikkje er avklart etter plan og bygningslova og det ikkje er vurdert gjenvinning.</p>
Avfallsforskrifta	Kap. 9 : deponi for avfall må ha løyve - deponi for rein jord er unnateke kap 17 : avfallsanlegg/deponi for mineralavfall må ha løyve frå SFVL
Forureiningsforskrifta	kap 4 : planeringsfelt i landbruket over 1 da må godkjennast av kommunen kap. 30 : knuse og sikteverk må melde frå til SFVL på meldeskjema kap 22 : mudring og dumping av massar i sjø og vassdrag må ha løyve frå SFVL, sjå søknadsskjema
Jordlova	§§ 1 og 9 stadfestar at dyrka mark skal brukast til jordbruksføremål, og skal ikkje endrast slik at jorda er ueigna for framtidig jordbruksproduksjon. Innmarksbeite er inkludert i jordbruksareal.
Naturmangfaldlova	Massehandtering skal ikkje føre til spreiding av framande artar eller skade på naturmangfald, truga artar og naturtypar (naturmangfaldlova §§ 6 og 28) – (forskrift om framande artar)

→	<p>Risikovurderingar framande artar: https://artsdatabanken.no/fremmedartslista2018.</p>
Energilova	<p>++ (energiprojekt, unnateke handsaming av pbl (endringar i pbl og energilova regjeringa/høyring 2023 → plankrav → massehandtering)</p>
Vassressurslova, vassforskrifta og Lakse- og innlandsfiskelova	<p>Forbode å gjere tiltak i vassdrag som kan få negative konsekvensar for stammar av laksefisk, og forskyve fangst i vassdrag. Fysiske tiltak i vassdrag skal konsesjonshandsamast av NVE etter vassressurslova, og vurderast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag med heimel i lakse- og innlandsfiskloven av Statsforvaltaren.</p> <p>Miljømålet etter vassforskrifta seier at vassførekomstane skal forbeholdast og gjenoppsettast slik at dei har minst god tilstand, og skal vernast mot forverring av tilstand (dette gjeld og for vassførekomstane med svært god tilstand), jf. §§ 4 og 5 i vassressursforskrifta.</p>
Lov om klimamål	<p>I klimalova er det sett mål om at vi innan 2030 skal redusere utsleppa med minst 50 prosent, helst 55 prosent frå utslepps nivå i 1990. Per no ligg vi på 4,7 % (2021 tal, Klima (miljodirektoratet.no)).</p>
Folkehelselova	<p>Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. § 4. Vi viser til at kommunen skal ha oversyn over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorene som kan verke inn på denne, jf. § 5. <u>Folkehelse er eit relevant utgreiingstema innan massehandtering</u>, td. når det blir planlagt områder for råstoffutvinning, gjenvinning og foredling av massar. Det er relevant å leggje til grunn rettleiar om «Systematisk folkehelsearbeid» (Helsedirektoratet), rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (FOR-1995-09-20-4146), retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442), retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegginga (T-1520) mm.</p>
Minerallova	<p>Minerallova skal sikre ei samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursar i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Lova gjeld eitkvart uttak av mineralske førekomstane, men gjeld likevel ikkje uttak som «hovedsakelig er en del av annen utnyttelse av grunnen», jf. minerallova § 3.</p> <p>Samla uttak av mineralførekomstane på meir enn 10000 m³ med massar krev driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), jf. minerallova § 43. Driftskonsesjon kan berre tildelast til den som har utvinningsrett. <u>Minerallova føreset at dei nødvendige arealavklaringane blir gjort etter plan- og bygningslova</u>. Det er difor behov for ei god samordning mellom løyver etter minerallova og avklaringar etter anna regelverk som td. plan- og bygningslova, forureiningslova, naturmangfaldlova, folkehelselova og jordlova. Anlegg for</p>

	<p>råstoffutvinning og behandling av råstoff må også vurderast i høve nødvendige og relevante utgreiingskrav i samband med planprosess, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1, 4-2 og 4-3 og KU-forskrifta.</p> <p>I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 viser punkt 18 til at «I konsekvensutredningar skal alternativer, samlede virkningar av foreslått arealbruk og sumvirkningar vurderes».</p> <p>For uttak av massar over 500 m³ skal det sendast medling til DMF seinast 30 dagar før oppstart, jf. minerallova § 42. I særlege tilfelle kan DMF krevje at det blir lagt fram driftsplan for totaluttak mellom 500 m³ og 10 000 m³.</p>
	<p>Motsegn og klagesaker</p> <p>Departementet vil understreke at motsegnsmynde på miljøområdet skal delta aktivt tidleg i planprosessane med kunnskap og rettleiing om miljøverdiar. Dette legg til rette for at planmynde best mogleg kan ta i vare viktige miljøomsyn og motsegn unngåast. Informasjon som er relevant for å kunne ta stilling til eventuell motsegn seinare i prosessen må òg etterspørjast så tidleg som mogleg → Rundskriv T-2/16 - Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis (revidert februar 2021)</p> <p>Rundskriv H-2/14 – Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningslova (KMD 2014)</p> <p>➔ Miljødirektoratet har føreslått nytt kapittel om massehandtering i rundskriv T-2/16, som truleg vil føre til <u>endingar i motsegnspraksis</u> i plansaker som involverer massehandtering (sjå vedlegg – her kjem lenke?)</p>
	<p><u>Konsekvensar av massehandsaming</u></p> <p>Det er viktig at konsekvensane vert avklart, vurdert og redusert igjennom planlegging og skadereduserande tiltak. Negative konsekvensar er særskilt knytt til natur-, miljø, landskap-, friluftsliv- og landbruksomsyn. Støy, støv og trafikkulempjer frå massetransport og på område for massehandsaming kan gje negative konsekvensar for nærmiljøet.</p> <p>Gjenvinning kan på kort sikt krevje meir areal enn deponering, fordi det må settast av nok plass til sortering og behandling. Samtidig vil auka gjenvinningsgrad over tid redusere det totale arealbeslaget som deponering og nye masseuttak fører til. (M2074 vedlegg side 13).</p>

1. Kommunal planstrategi

(her kan det stå generell informasjon, referansar, lenker og tips som òg kan vidareformidlast)

[Rettleiar kommunal planstrategi - miljøverndepartementet \(T-1494\)](#)

(temaorientert tekstmal for uttale til oppstart i eige dokument (obs. legg til massehandtering):

<https://intranett.fylkesmannen.no/nn/vestland/avdelingar/kommunal/>

Planstrategi - §§§	SFVL
<p>Heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 10-1, men er ikkje ein eigen plantype.</p> <p>Her skal utviklingstrekk drøftast og kommunane skal ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast, heilt eller delvis.</p> <p>I følge lova skal kommunestyret vedta planstrategi minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eit år etter konstituering av nytt kommunestyre etter valet.</p>	<p>Uttale til kommunen sin planstrategi vert utforma på tvers av seksjonane/avdelingar. Aktuelle sakshandsamarar førast opp i brevet. Ta saka opp i planmøte tidleg – kople på relevante plankontakter. Send ut med intern uttalefrist i god tid.</p> <p>Føremålet med planstrategien er å gje eit oversyn over dei politiske prioriteringane av planbehovet i kommunestyreperioden, og å ta stilling til om kommuneplanen skal rullerast. Kommunen er etter pbl. oppmoda om å leggje opp til brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag for handsaminga av kommunal planstrategi. I arbeidet med planstrategien skal kommunen innhente synspunkt frå statlege, regionale organ og nabokommunar. Vi kan ikkje fremja motsegn.</p>
<p>1. Varsel om oppstart planstrategi /høyring</p> <p style="text-align: right;">→</p>	<p>Syn til berekraftsmåla og overordna føringar. Gje råd og rettleiing til korleis kommunen kan legge opp til strategiar for å ivareta massehandtering i eigen kommune. Døme:</p> <p>Utfordringar og utviklingstrekk (inkl. forventa masseoverskot og ev. ulovleg massehandtering) knytt til arealutvikling og masseforvaltning kan beskrivast som grunnlag for å vurdere behov for revisjon av kommuneplanen. Nye overordna føringar, eksempelvis regionale planer (t.d. regional plan for massehandtering), statlege planretningslinjer eller samferdselssatsingar kan gje grunnlag for å revidere kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>Erfaringar med dagens plan som styringsverktøy for masseforvaltning kan inngå i vurderingsgrunnlaget for om kommuneplanen skal reviderast.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Er massehandtering eit tema? - Har kommunen vurdert behovet for / nytten av eventuelt interkommunalt samarbeid kring massehandtering?

2. Samfunnsdelen av kommuneplanen (KPS)

(her kan det stå generell informasjon, referansar og tips som òg kan vidareformidlast)

- Utforming av tekstmal for uttale?

Samfunnsdel - §§§	SFVL
<p>Heimel pbl § 11-2. Kommunen sin overordna, strategiske plan for samfunnsutviklinga. KPS skal ta opp i seg de lange linene og vise kommunen sine prioriteringar.</p> <p>KPS skal ivareta regionale og nasjonale føringar.</p>	<p>Uttale til kommunen sin samfunnsdel vert utforma på tvers av seksjonane/avdelingar. Aktuelle sakshandsamarar førast opp i brevet. Ta saka opp i planmøte tidleg – kople på relevante plankontakter. Send ut med intern uttalefrist i god tid. Vurder om det er aktuelt med forlenga frist opp mot kommunen og eventuelt dialogmøte.</p> <p>Samfunnsdelen er eit politisk dokument. Vi kan ikkje fremja motsegn – men koma med råd og rettleiing. Kjenner vi til aktuelle problemstillingar som kommunen bør løfte fram?</p>
<p>1. Varsel om oppstart KPS (evt. planprogram/ høyring – noko ulik praksis)</p> <p>FNs berekraftsmål →</p> <p>Kunnskapsgrunnlag → Handlingsdel →</p> <p>Arealstrategi →</p> <p>Samfunnsdelen er ein arena for samordning av sektorar og aktørar, og kan gje retningsliner for gjennomføring av mål og strategiar. Kommunal planlegging av massehandtering bør skje i samarbeid med aktørane.</p>	<p>Syn til berekraftsmåla og overordna føringar. Gje tilbakemelding på korleis kommunen kan legge til rette for å ivareta massehandtering i eigen kommune. Særskilt relevant å sjekke:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Er FNs berekraftsmål drøfta i planprogrammet? (døme: Øygarden kommune 2022) – syn til berekraftsmål innleiingsvis. - Har kommunen oversikt over massehandtering i kunnskapsgrunnlaget(i forhold til ressurspyramiden). ev. utgreiingsbehov? Langsiktige utfordringar innafor massehandtering kan beskrivast. Dersom det er avdekt manglande kunnskap eller identifisert utfordringar eller behov bør dette konkretiserast i handlingsdelen og ev. arealstrategi. - Har kommunen vurdert om dei har gode nok føringar for korleis ein handterer massar i reguleringsplan og byggesak i gjeldande kommuneplan? Ev. vurdert om arealdelen skal reviderast? - Samfunnsdelen gjev grunnlag for prioriteringar av betydning for massehandtering i arealdelen. Arealstrategi bør omfatte: <ul style="list-style-type: none"> - forventning om massehandtering i tråd med ressurspyramiden - krav om massehandteringsplanar, og -rekneskap - kartlegging og planfesting av massebehov, massehandtering og areal eigna for bruk/mottak (i tråd med ressurspyramiden)

3. Arealdelen av kommuneplanen (KPA) / kommunedelplan (KDP)

(her kan det stå generell informasjon, referansar og tips som òg kan vidareformidlast)

- Utforming av tekstmal for uttale?

Innslagspunkt for motsegn til KPA → T-2/16

Arealdel - §§§	SFVL
<p>Heimel pbl § 11-5. Alle kommunar skal ha ein arealplan for heile kommunen som fastlegg kva dei ulike areala skal nyttast til i hovudtrekk.</p> <p>Kommuneplanen sin arealdel er ein overordna strategisk plan og eit verkemiddel for å sikre at arealbruken bidrar til å nå måla for kommunen sin utvikling. Kommunane kan i tillegg utarbeida kommunedelplanar for delområde.</p>	<p>Uttale til kommunen sin arealdel (planprogram + høyring) vert utforma på tvers av seksjonane/avdelingane. Aktuelle sakshandsamarar førast opp i brevet . Ta saka opp i planmøte tidleg – kople på relevante plankontakter. Send ut med intern uttalefrist i god tid. Vurder om det er aktuelt med forlenga frist opp mot kommunen og eventuelt dialogmøte.</p> <p>Kommentar: Det er særleg viktig at massehandtering som tema vert løfta fram i arbeidet med arealdelen. Gjennom arealdelen kan kommunen legge premiss og arealavklaringar for å sikre tilgang til byggeråstoff og legge til rette for økt gjenvinning. Gjennom <u>plankart, føresegner og planomtale</u> vert det sett rammer og føringar for nye tiltak/arealbruk, og kva viktige omsyn som må takast ved disponering av areala. Avklaringar av planen i forhold til særlovverk og sektorlover (t.d. forureiningslova og minerallova) bør gjerast tidleg i planstadiet.</p>
<p>1. Varsel om oppstart KPA/KDP</p> <p>Høyring av planprogram</p> <p>Kopling til nasjonale og regionale omsyn →</p> <p style="text-align: right;">→</p> <p>Planprosess →</p> <p style="text-align: right;">→</p>	<p>Planprogram for arealdelen skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, særskilt i forhold til grupper som kan bli særskilt råka, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar. Om vi på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, skal dette gå fram av uttalen jf. pbl. § 4.1.</p> <p>Vi gjev aktuelle tilbakemeldingar på tema, kunnskapsgrunnlag, utgreiingsbehov, prosess osb. <u>Vi må ved oppstart informere og gje råd om om kva forventningar vi har til utforming av planframlegget, ved høyring og før vedtak (sjå punkta under).</u></p> <p>Massehandtering bør vurderast der massar oppstår, og der dei vert behandla og disponert. Vi bør forvente at det går fram av planprogrammet korleis temaet massehandtering er vurdert – og korleis temaet skal vurderast vidare i planarbeidet.</p> <p>Planprogrammet er «ein plan for planen» og det bør gå fram kva vurderingar som skal gjerast i arbeidet med innspel og arealbruk for å sikre massehandtering i tråd med berekraftsmåla, ressurspyramiden, korleis konsekvensar for forureining, naturmangfald og klima er vurdert/skal vurderast, og at det vert lagt opp til plangrep og krav for å redusere konsekvensane.</p>

<p>Kopling til KPS →</p> <p>Spørsmål/utsjekk →</p> <p>Landbruk →</p>	<p>Ligg det føringar i samfunnsdelen til kommunen? Til dømes arealstrategiar, utfordringar og behov - skal dette synleggjerast og løysast i arealdelen. Dette bør gå tydeleg fram av planprogrammet.</p> <p>Er massehandtering eit tema i planprogrammet?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har kommunen teke stilling til massehandtering og vurdering av konsekvensar for klima, naturmangfald, forureining og transport? - Har kommunen gjort vurderingar av noverande og framtidig behov for areal til handtering, lagring og disponering av massar? (masserekneskap?) - Legg kommunen opp til plangrep for å redusere overskuddsmasse eller oppnå massebalanse? - Omfattar planprogrammet vurdering av massehandtering i tråd med ressurspyramiden? - Legg kommunen opp til kartlegging av kvalitet på massar (bruk av massedisponeringsplanar)? - Har kommunen vurdert interkommunalt samarbeid kring massehandtering (/massebudsjett)? - Omfattar planprogrammet utarbeiding av masserekneskap? (arealrekneskap?) - Er det lagt opp til kartlegging/planfesting av areal med behov for tilføring av massar (jf. ressurspyramiden)? <p>Dyrka eller dyrkbar mark: Anlegg for handtering av overskotsmassar bør ikkje plasserast på dyrka eller dyrkbar mark.</p>
<p>2. Høyring av arealdelen</p> <p>→</p> <p>Spørsmål/utsjekk →</p> <p>(KU/ROS Plankart Føresegner)</p>	<p>Tilbakemelding på framlegg til konkrete løysingar i plankart, føresegner og planomtale, kvalitet på kunnskapsgrunnlag, KU og ROS m.m..</p> <p>Har kommunen sikra gode nok føringar for korleis ein handterer massar direkte opp mot arealdelen, og i reguleringsplan og byggesak? Er kunnskapsgrunnlaget tilstrekkeleg?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Er KU/ROS tilstrekkeleg opplyst kring massehandtering? - Er det kopling mellom funn i KU/ROS og løysingar i plankart og føresegn? - Er det utarbeida masserekneskap/massehandteringsplan tilpassa plannivået? - Stiller kommunen krav til rapportering/masserekneskap i reguleringsplan/byggesak(inkl. info kring dispensasjon)? - Er det avklart område for masseuttak, mellomlager, anlegg for sortering og gjenvinning, og deponering, både eksisterande og nye? - Er det sett kriterie for å gje løyve direkte på grunnlag av kommuneplanen?

<p>Planomtale og kunnskapsgrunnlag →</p> <p>Arealdelen som sakshandsamingsverktøy →</p> <p>→ Metodikk for planlegging og gjennomføring av massenyttingsprosjekt i landbruket: Frå problem til ressurs (2022)</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Er det gjeve omsynssoner og føresegner for å ivareta omsyn til eksempelvis matjord, raviner og bekkedalene? - Er det gjeve omsynssoner for å ta i vare framtidige mineralressursar mot nedbygging? - Er det kartlagt landbruksområde med behov for forbedring – og ev. andre areal med behov for massar? - Er det avgrensa område på plankartet med føresegner og retningslinjer for vidare detaljering i reguleringsplan og/eller vedtak i byggesak, herunder krav til miljøoppfølging? - Er det stilt utgreiingskrav i føresegnene? <p>Anbefaler at kommunen inkluderer krav om massehandteringsplan for planer med over 1000m³ overskot (pbl. §11-9, punkt 8)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Masserekneskap: Er overskot og behov for massar i regionen/kommunen kartlagt/vurdert? - Ressurspyramiden: Er overordna prinsipp for massehandtering i tråd med ressurspyramiden vurdert? - Miljøkonsekvensar: Er følgjer av massehandtering og -transport på forureining, naturmangfald og klima og tiltak for å redusere dette vurdert? - Arealbehov: er behov for mellomlager/ressursbankar og deponi vurdert? - Har ein vekta omsyn med grunnlag i prioriteringar som mellom anna er gjeve i samfunnsdelen? - Kommuniserer kommunen klare krav, råd og rettleiing i planomtalen kring massehandtering, lovverk og sakshandsaming i eigen kommune? Dette vil vera nytting både som kommunalt sakshandsamingsverktøy og som informasjon til innbyggjarar og ulike aktørar. - Legg kommunen opp til at planlegging av massehandtering skal skje i samarbeid med aktørane? Kommunane kan sjeldan styre omfang og lokalisering av uttaksområder for byggeråstoff/ mottaksområder for overskotsmassar åleine og er avhengig av god dialog med mineralbransjen, utbyggjarar og entreprenørar. Kommunen kan ta ei viktig rolle i koordinering av prosjekter med massebehov og masseoverskot. Om kommunen stiller krav til masserekneskap og rapportering vil det bidra til ei betre oversikt over massehandteringa i kommunane og samla i fylket. - Dyrka eller dyrkbar mark: kan ein flytte eventuelle jordmassar til anna areal i staden for å byggje oppå jordmassane? Ved eventuell flytting - finnast det ein plan for dette og for korleis dei ulike laga skal byggjast opp? Ligg det føringar kring dette i føresegnene? Informasjon i planomtalen?
--	---

4. Reguleringsplan (detaljregulering / områderegulering)

Om KU: tiltak etter pbl. § 12-1 → krav om KU om det er verknadar for miljø og samfunn, sjølv for mindre tiltak uavhengig av mengde massar.
 Alltid KU → Vedlegg I, nr.19.) Uttak av malm, mineral, stein, grus, sand, leire eller andre masser dersom **minst 200 dekar** samla overflate blir råka eller samla uttak omfattar meir enn **2 millionar m³ masse**, eller uttak av torv på et område større enn **200 dekar**. Mindre tiltak vert omfatta av vedlegg II nr. 2a.
 KU vurderast → Vedlegg II, nr. 11, bokstav k.) Deponi for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse.

Reguleringsplan - §§§	SFVL
<p>Heimel pbl § 12-1. Reguleringsplanen fastset gjennom plankart og føresegner korleis areala innafor planen kan utnyttast, og eventuelle vilkår.</p> <p>Plan- og bygningslova stiller krav om reguleringsplan før det vert gjeve løyve til større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Reguleringsplanen vekter ulike omsyn, legg til rette for utbygging, og sikrar vern og bevaring.</p>	<p>Samordning: Vil planen føre til tiltak der vi må vurdere særskilt løyve/krav til massehandtering etter forureiningslova med forskrifter? Dersom planen kan få konsekvensar for miljøomsyn eller det er usikkerheit kring dette må temaet sjekkast ut etter dialog med miljø/landbruk.</p> <p>Kommentar: Reguleringsplan erstattar ikkje andre naudsynte løyve etter anna lovverk som til dømes forureiningslova og minerallova. <u>Avklaring av plan i høve til særlovverk og sektorlover bør gjerast tidleg i planstadiet</u>. Søknadsprosessar etter anna lovverk kan koordinerast med planprosessen.</p> <p>Reguleringsplan kan bidra til betre samordning av ressursutnytting ved å opne for at steinbrot og massetak kan ta imot overskotsmassar av god kvalitet for attvinning. Gjennom regulering av område for masseuttak, mellomlager og deponering får ein langsiktig avklaring og forutsigbarheit for massehandtering. Det gjev òg betre grunnlag for å handtere akutte problemstillingar.</p>
<p>1. Varsel om oppstart av reguleringsplan</p> <p>Planinitiativ →</p> <p><u>Vi må ved oppstart informere og gje råd om om kva forventningar vi har til utforming av planframlegget, ved høyring og før vedtak (sjå punkta under).</u></p>	<p>Uttale til oppstart: Gjer merksam på aktuelle tema og omsyn som bør avklarast og sikrast i den aktuelle planen. Dersom oppstart med planprogram jf. pbl. 12-9 → sjå kap. 4. Arealdelen</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ved oppstart skal forslagsstillar ha sendt eit planinitiativ til kommunen som grunnlag for oppstartsmøte(jf. pbl. § 12-8). Her bør potensielle konsekvensar for massehandtering, særlovverk og sektorlover vere vurdert og drøfta. - Kommunen bør informere om krav kring massehandtering i kommuneplanen (KPA/KDP/KPS). Dette bør gå fram av referat frå oppstartmøte som skal ligge ved varsel om oppstart. Avklaring om krav til konsekvensutgreiing + andre utgreiingar skal gjerast her.

<p>Planavgrensing →</p> <p>Planprosess →</p> <p>Sjå info om innhald i massehandteringsplan nedst i dokumentet</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Ta opp med kommunen at massehandtering i tråd med ressurspyramiden bør vere eit viktig punkt i oppstartsmøte på reguleringsplanar. - Er planområdet tilstrekkeleg avgrensa for å sikre god massehandtering? (intern massebalanse, areal til handtering av massar, tilkomst/tilgrensande areal, anna veggrunn/areal til fylling langs veg, verknadar for tilgrensande planar, osv.). Plangrensa kan reduserast i etterkant om naudsynt. <p>Vi kan påpeike kva føresegner, plankart og planomtale bør innehalde og kva som bør avklarast og takast omsyn til vidare i planprosessen, til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sjå punkt under neste rad (2.Høyring) - Massehandteringsplan: Dersom planen fører til stort overskot/underskot/omdisponering av massar bør det utarbeidast ein massehandteringsplan som del av planen. Denne skal vera i tråd med ressurspyramiden.
<p>2. Høyring av reguleringsplan</p> <p>Kopling til nasjonale og regionale omsyn →</p> <p>→</p> <p>Planomtale og kunnskapsgrunnlag →</p>	<p>Uttalefrist minimum 6 veker jf. pbl. 12-10. Dersom KU skal dette ligge ved. Vi gjev tilbakemelding på framlegg til føresegner, plankart, planomtale, ROS (+ evt. KU og andre utgreingar) m.m.</p> <p>Planomtalen skal gjere greie for koplingane mot nasjonale, regionale og lokale omsyn og føringar i naudsynt grad:</p> <ul style="list-style-type: none"> - FNs berekraftsmål og nasjonale forventningar - Reduksjon av transport/transportavstander skal vere eit tema - Er det gjort avklaringar av om tiltaka krev løyve etter anna lovverk? Dette bør synleggjerast. - Korleis er ev. krav kring massehandtering i KPA, KPS og planstrategi svart ut i planen? <p>Er massehandtering vurdert og omtalt i planen?</p> <ul style="list-style-type: none"> - ressurspyramiden: Er handtering av overskotsmassar i tråd med ressurspyramiden vurdert? - Er det vurdert om planen fører til masseoverskot/underskot – og vurdert plangrep som balanserer dette? - Masseoverskot: Er kvalitet og mengd på overskotsmassar, inkludert teknisk kvalitet og innhald av forureining og framande artar vurdert? - Masseunderskot: Er krav til kvalitet og mengd på massar til oppfylling vurdert, inkludert teknisk kvalitet og innhald av forureining og framande artar? Er opphav til massane vurdert - frå eitt eller fleire prosjekt- og kor lang tid oppfyllinga vil ta? - Miljøkonsekvensar: Er forureining, klimautslepp, konsekvensar for naturmangfald og spreing av framande

<p>Føresegner og plankart →</p> <p>→</p> <p>→</p> <p>→</p> <p>Metodikk for planlegging og gjennomføring av massenyttingsprosjekt i landbruket: Frå problem til ressurs (2022)</p> <p>→</p>	<p>artar og tiltak for å hindre dette ved handtering, lagring disponering vurdert?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arealbehov: Er behov for areal til handtering, lagring og disponering av overskotsmassar vurdert? - Myrmasar: Er det vurdert om planen inneber utgraving av myr – viss ja, er effekt på klima, hydrologi, forureining og naturmangfald vurdert? <p>Planen kan sette detaljerte rammer for tiltaket, til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rekkefølgekrav - Uttaksgrenser - Mottakskontroll - Tilkomst - Driftstider (t.d. støykrav) - Eventuelle bygg og tiltak - Verneomsyn - Miljøtiltak og krav til miljøoppfølging - Eventuelle krav til istandsetting og etterbruk - Kompetansekrav til miljø, og til prosjektering og oppbygging av nye matjordlag <p>→ Større prosjekt (deponi: anlegg som tek i mot overskotsmassar frå fleire ulike prosjekt/aktørar over tid – eller anlegg som fører til forureining, eller er skjemmande) må regulerast etter forureiningslova, avklaring kring dette må skje tidleg i prosessen. Unntak må regulerast i reguleringsplanen etter pbl.</p> <p>→ Små prosjekt for forbedring av jordbruksareal. Søkt om etter reelt behov for jordbruksdrifta på eigedomen, eit føremon at arealet er planavklart (små prosjekt kan søkje dispensasjon). → Rettleiar: Jordmassar - frå problem til ressurs (2022) (bakkeplaneringsforskrifta)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Areal, volum og tidsavgrensing - Miljøkonsekvensar - Ikkje fleire leverandørar - Terrengepassing, stabilitet, avrenning mot vassdrag, sedimentering, drenering <p>→ Dyrka eller dyrkbar mark: Anlegg for handtering av overskotsmassar bør ikkje plasserast på dyrka eller dyrkbar mark. Kan ein flytte eventuelle jordmassar til anna areal i staden for å byggje oppå jordmassane? Ved eventuell flytting - finnast det ein plan for dette (ev. jordbank?) og for korleis dei ulike laga skal byggjast opp? Ligg det føringar kring dette i føresegnene? Matjord: bør nyttast til jordforbedring i jordbruket, ikkje til grøntområde og revegetasjonssonar. Skal ikkje deponerast. Det er ikkje tilstrekkeleg om planen legg føringar for at massehandteringa skal avklarast som del av framtidige driftsplanar, massehandteringsplanar, situasjonsplanar eller ved byggesak. <u>Avklaring av massehandtering skal skje som integrert del av planarbeidet.</u></p>
--	---

5. Endring av reguleringsplan etter «forenkla prosess»

Rundskriv H-6/17

§§§	SFVL
<p>Endring etter forenkla prosess: pbl § 12-14, 2. ledd : «...når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder».</p>	<p>Kommentar: Ved endring etter forenkla prosess (ofte kalla «mindre endring») vert planmaterialet gjerne sendt over ferdig utarbeida. Vi har kan ikkje fremja motsegn – men kan likevel uttale oss om val av prosess, og ev. påklaga eller oppheve vedtak om godkjenning. Dersom det ligg føre vesentlege merknadar mot endringa frå naboar/partar, SFVL eller andre instansar, eller det er stor sjanse for at vedtaket vert påklaga, bør endringa gjennomførast etter ordinær prosess.</p> <p>Endring av eldre planar etter «forenkla prosess» kan vere utfordrande då opphavelig planmateriale totalt sett kan vere utdatert eller mangelfullt jf. nye lover og føringar (til dømes manglande planomtale, ROS-analyse, og manglande vurdering av massehandsaming, eller vurderingar i strid med ressurspyramiden). Endringar etter forenkla prosess oppdaterer sjeldan heile planen – og vi bør påpeike det dersom planen framleis har manglar og om den bør oppdaterast etter ordinær prosess.</p>
<p>1. Oppstart</p> <p>Uttale til oppstart / høyring av endring</p> <p>Dersom massehandtering er eit openbart aktuelt tema som ikkje er trekt frem i planen og/eller i endringa →</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Gjer ein utsjekk av planen opp mot punkta som står under «reguleringsplanar → 2.Høyring» - Er det vurdert om endringa kan/vil føre til endringar kring massehandtering? - Er planmaterialet samla sett utdatert? - Er det behov for nye utgreiingar? <ul style="list-style-type: none"> - Be om at massehandtering vert inkludert som tema, og at det vert utarbeida massehandteringsplan som del av endringa dersom aktuelt (til dømes planering av store næringsareal, fritidsbustad- og bustadfelt, vegutbyggingar, ol.) - Dersom planen har føresegner for massehandtering som sikter på å køyre massane direkte til deponi utan at det er gjort vurderingar opp mot avfallspyramiden bør vi krevje at det vert gjort ei vurdering og ev. at føresegna vert endra.
<p>2. Oversending av vedteken plan</p>	<p>Vurder om vedtaket skal påklagast eller opphevast. Drøft internt.</p>

6. Dispensasjonar frå arealdelen/reguleringsplan

(Generell informasjon, referanser og tips som òg kan vidareformidlast)

Behov for tekstmal/ uttale?

<p>§§§ Pbl § 19-2 + sektorlover</p> <p>Gjer ein utsjekk av føringar og lovverk som er trekt frem innleiingsvis i sjekklista.</p>	<p>SFVL</p> <p>Samordning: Vil dispensasjonen føre til tiltak der vi må vurdere særskilt løyve/krav til massehandtering etter forureiningslova med forskrifter? Dersom dispensasjonen kan få konsekvensar for miljøomsyn eller det er usikkerheit kring dette bør temaet sjekkast ut etter dialog med miljø/landbruk.</p>
<p>1. Uttale</p> <p style="text-align: right;">→</p> <p>Dersom det er behov for å avklare massehandsaming →</p> <p>Massehandteringsplan →</p> <p>Plankrav? →</p> <p style="text-align: right;">→</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Er massehandsaming ei aktuell problemstilling? - Er massehandsaming trekt fram i ulempe/fordel-vurderinga? Det er viktig at konsekvensane av eventuell massehandsaming vert avklart, vurdert og redusert igjennom planlegging og skadereduserande tiltak. - Negative konsekvensar er særskilt knytt til klima, folkehelse, natur-, miljø, landskap-, friluftsliv- og landbruksomsyn. Støy, støv og trafikkulemper frå massetransport og område for massehandsaming/mellomlager/tilarbeiding (midlertidig eller permanent) kan gje negative konsekvensar for nærmiljøet. - Er det vurdert om tiltaket fører til masseoverskot / masseunderskot – og vurdert grep som balanserer dette? - Be om at det vert utarbeida massehandteringsplan i tråd med ressurspyramiden før det eventuelt vert gjeve dispensasjon og byggeløyve dersom dette er aktuelt. - Eventuelt oppmode om at KPA/KDP eller reguleringsplan vert oppdatert - Eventuelt rå i frå at det vert gjeve dispensasjon før avklaring på plannivå. - Dyrka eller dyrkbar mark: Anlegg for handtering av overskotsmassar bør ikkje plasserast på dyrka eller dyrkbar mark. - Mindre prosjekt til jordbruksføremål kan søkjast om med dispensasjon (sjå kap. 4. reguleringsplan → små prosjekt)
<p>2. Klagevurdering</p>	<p>Dersom det vert gjeve dispensasjon/løyve til tiltak som kan føre til ulovleg og/eller uforsvarleg handsaming av massar bør ein vurdere å klage. Drøft internt.</p>

7. Statleg arealplan

Statsforvaltaren vil ofte vere involvert i slike prosessar for å ivareta statlege omsyn innanfor vårt sektoransvar i regionen. Eit viktig grunnlag for statleg medverknad på regionalt nivå vil vere fagdepartementet/-a si fastsetjing av mandat ved innleiing av ei konseptvalutgreiing (KVU) og seinare mandat for planprosessen.

Interne rutinar, intern kommunikasjon og intern samordning i statsforvaltarembetet er viktig i slike planprosessar.

Plan- og bygningslova opnar for staten som planleggjar. Statlege arealplanar er eit verkemiddel som vert nytta når viktige statlege eller regionale utbyggings-, anleggs- eller vernetiltak gjer det naudsynt, eller når andre samfunnsmessige omsyn tilseier at det bør gjennomførast statleg plan. Lovførearbeida viser til at «dette innebærer en vid skjønnsmessig adgang for staten til å utarbeide statlig plan. Statlig plan bør imidlertid bare benyttes i situasjoner hvor det ikke kan ventes at den ordinære kommunale eller regionale planleggingen vil føre til et resultat som kan godtas av staten. Bruk av statlig arealplan er derfor å anse som en unntaksordning i forhold til det ordinære plansystemet».


I større samferdsleprosjekt blir det gjennomført **konseptvalutgreiing (KVU)** før ein startar planlegging etter plan- og bygningslova. **Massehandsaming** – der det er aktuelt – vil vere eitt av fleire tema som inngår i skildringa av verknader av ulike utbyggingsalternativ i KVU-prosessen. Både potensialet for samfunnsnyttig bruk av overskotsmassar og verknader for ikkje-prissette tema vil vere gjenstand for KVU og etterfølgjande ekstern kvalitetssikring.

Statlege planar- §§§	SFVL
Statlege arealplanar blir gjennomført med heimel i plan- og bygningslova § 6-4	Det er lite formelle prosesser knytt til dette i dag. Når embetet vert kontakta om mandat og KVU må vi sikre at sakshandsamarar på plan, landbruk og miljø vert involvert - slik at ein sikrar kompetanse inn i sakene.
<p>Mandat for KVU</p> <p>Massehandsaming i mandat for KVU→</p> <p>KVU, KS1 og KS2</p> <p>Krav til utgreiing av KVU går fram av Rundskriv R-108/19 frå Finansdepartementet</p> <p>Rundskriv R-109/14</p>	<p>Det bør leggjast føringar for massehandsaming, gjenvinningsmål, ol.. Dette vil ha stor betydning for val av løysing.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ligg det føringar for massehandsaming i mandatet for KVU? Bør SFVL ha ei rolle i prosjektet? <p>Konseptvalutgreiing (KVU) blir nytta for alle statlege prosjekt med investeringar over 1 milliard kroner. Føremålet med KVU er å vurdere alternative måtar å løyse behov på, som blir omtalt som «konsept». KS1 og KS2 er eksterne kvalitetssikringsordningar i dette utgreiingssystemet. Kvalitetssikrings av konseptval fase 1 (KS1) er ein gjennomgang av kostnader. Føremålet er å lande på ei løysing med god samfunnsøkonomi og der konsekvensar for ulike fagtema er gjort greie for på eit overordna nivå. KVU og KS1-rapport er utgangspunktet for Regjeringa si avgjerd i saka. Kvalitetssikring</p>

<p>dekkjer krav til ekstern kvalitetssikring</p> <p>Utgreiingsinstruksen</p> <p>Økonomiregelverk</p> <p>Massehandsaming i KVV →</p> <p>Rammeavtale om ekstern kvalitetssikring frå Finansdepartementet</p>	<p>av konseptval fase 2 (KS2) er ei kvalitetssikring av plangrunnlaget og kostnadsoverslag. KS2 blir nytta som informasjon i samband med avgjerd om investering i Stortinget.</p> <p>Rundskriv R-108/19 viser til at KVV skal vere strukturert på følgjande måte:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Problemskildring 2. Behovsanalyse 3. Strategiske mål (mål for gjenvinning, massehandtering i tråd med ressurspyramiden) 4. Rammebetingelser for konseptval (Nasjonale mål for gjenvinning førande for massehandtering) 5. Moglegheitsstudie 6. Alternativanalyse (prisfastsetting av massehandsaming) 7. Føringer for forprosjektfasen (vurdering av kvalitet og behov, sette klare mål og krav om massehandtering i tråd med ressurspyramiden) <p>Massehandsaming må inn i alle tema, særskilt punkt 3, 4, 6, 7.</p> <p>KVV utgreier konsekvensar og verknader for ulike alternativ på eit overordna nivå, og tek også stilling til risiko- og sårbarheit. Ei gjennomføring av KVV frittek ikkje for ei vurdering av prosjektet etter forskrift om konsekvensutgreiingar eller risiko- og sårbarheitsanalyse etter plan- og bygningslova i planprosessen.</p> <p>For prosjekt med store masseoverskot bør samordning av tidspunkt for gjennomføring med ev. nærliggande prosjekt med masseunderskot vurderast.</p> <p>Les meir om statens prosjektmodell for store investeringar: (lenke/finansdepartementet/regjeringa)</p>
<p>Statleg arealplan, pbl § 6-4</p>	<p>Handsaming av statlege arealplanar skal leggjast opp slik at dei ordinære krava til offentlegheit, lokal medverknad og prosesskrav er oppfylt.</p> <p>Når statleg arealplanar vert utarbeidd som anten kommunedelplan eller reguleringsplan, så følgjer planprosessen reglane for desse plantypene etter plan- og bygningslova.</p> <p>Kommunal- og moderniseringsdepartementet er vedtaksorgan for statlege arealplanar.</p> <p>Statsforvaltaren vil i ein slik prosess kunne fremje faglege råd, men vil ikkje kunne fremje motsegn mot ein statleg arealplan.</p>

8. Innhald i massehandteringsplan

Dersom massehandteringsplanen vert utarbeida som del av ein reguleringsplan vil den kunne ha verknad for utforming av plandokumenta. Eit prosjekt vil gjerne generere massar på alle nivåa i pyramiden. Målet med massehandteringsplanen er å oppnå mest mogeleg berekraftig bruk av massane totalt. Ein massehandteringsplan må ta utgangspunkt i ressurspyramiden. Løysingar for å minimere masseoverskot og for å auka gjenvinning går framføre sluttbehandling (deponering).



Figur 1 – Statsforvaltaren i Vestland har illustrert eigen ressurspyramide for overskotsmassar av jord og stein som ikkje er forureina (Statsforvaltaren i Vestland, 2023)

Det er ingen mal på kva ein massehandteringsplan skal innehalde. Behov for avklaring, innhald og omfang må vurderast i kvar sak. Nokre punkt som kan bli vurdert og omtalt:

- Masseoversikt fordelt på massetypar, mengde/volum, tid og stad (både med tanke på det som genererast og der det er behov)
 - Omtale av kva dei ulike massetypane skal nyttast til, kvar og korleis. Her bør òg behovet for fråvikssøknadar bli vurdert. Massebalanse (og gjenvinning) bør dokumenterast.
 - Omtale av kva behov det er for tilarbeiding av massane, inkl. metodar, arealbehov og omfang.
 - Omtale av behov for mellomlagring, inkl. plassering, arealbehov og omfang. Mest mogeleg kortreist plassering.
 - Vurdering av om det er andre tilgrensande prosjekt som kan ha nytte av overskotsmassar som ikkje kan handterast innafor eige prosjekt – eller som kan tilføre massar til prosjektet det er behov. Omfang, massetypar og tidsrom for dette behovet må omtalast for å sjå om det samsvarar med masseoverskot og framdrift i eige prosjekt. Vurdere om gjennomføring kan samordnast.
 - Vurdering av faktisk behov og nytteverdi i tilgrensande prosjekt, m.a. jf. ressurspyramiden
 - Økonomiske, klima- og ressursmessige vurderingar av den foreslåtte massehandteringa
 - Omtale av masseflytting og logistikken for denne (faseplaner)
- (her kjem lenke til gode eksempel etter kvart)